

Til rettskrivingsnemnda for nynorsk Språkrådet.

Ny rettskriving 2000-talet.

Trønderlaget, Naumdøla Mållag, Nordmøre Mållag og Nynorsklaget har merka seg at framlegget til Ny rettskriving for 2000-talet gjer talemålet i mellom anna den midtre og nordlege delen av landet mindre synleg i nynorsken. Nemnda seier sjølv i forordet at ho ” i fleire høve” har valt “å vera atterhaldande med å gje status som jamstilte former”. Dette innsnevrar nynorsken meir enn mandatet opnar for, og sikrar ikkje “ei norm for heile landet” slik nemnda i forordet seier målet er. Vi vil særleg halde fram desse punkta.

1 Diftong som eineform

Det er for restriktivt å gjera diftongen i *høyre, køyre, drøyme, gløyme* einerådande. Her er talemålsgrunlaget for *høre, kjøre, drømme, glømme* så solid at desse formene må **bli ståande**.

2 De – dokk.

Formene av det personlege pronomenet i andre person fleirtal, *de- dykk*, har vori problematisk i store delar av landet, men forslaget om å godta *dykk* som subjektsform løyser ikkje det problemet. Skal ein ta omsyn til den mest utbreidde talemålsforma, er *dokk eller dokker* det opplagte valet. Det gjeld også for Vestlandet. Det mest logiske ville vera å **sidestille *de* (subjektsform) - *dokk* (avhengig form) med *de - dykk***. Det vil gjera nynorsken lettare å godta for folk både på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg.

3 Skole.

Eit spesielt uheldig forslag gjer forma *skule* til eineform. Det er grunnlagt med at *skule* er den dominerande forma i dei områda som har nynorsk som skolemål, mens *skole* står sterkast i Trøndelag, Nord-Noreg og delar av Austlandet. Her ser vi eitt av dei tydelegaste utslaga av å innskrenke det geografiske normgrunlaget. Den store samanhengande nordlege utbreiinga av *skole* og bruken av *skole* i bydialektane tek nemnda for lite omsyn til. Ein kan få mistanke om at *skule* er ei altfor tydeleg "signalform" for dogmatiske målfolk, og at å markere avstanden til bokmål er det viktigaste. Samanfallande form med bokmål treng ikkje vera noko negativt i seg sjølv, og reint historisk er forma *skole* eldre enn *skule* her i landet. Ordet skriv seg sjølvstøtt frå latin *schola*, og *skóli* må ha kommi hit gjennom angelsaksisk saman med kristendommen. Først mot slutten av mellomalderen kom *skúli* inn i norsk frå lågtysk. Lån frå lågtysk har tradisjonelt ikkje hatt høg status i nynorsk, men i framlegget frå nemnda har *skule* fått forrang framfor den eldre *skole*. Saman med *skule* som eineform risikerer vi å få vanskapingen "skulere", som vi alt har sett brukt fleire gonger. Det kan det ikkje heite, for dette verbet er laga direkte av latin *schola* og må heite *skolere*. La oss derfor få **behalde *skolen*** vår, vi som saman med islendingane har tatt vare på denne eldste forma i norsk.

Med erfaring frå namngjevinga på helsefortaka td. ser vi for oss eit unødig styr for å få namna på høgskolane og andre statlege skolar på begge målformene, der vi meiner den eine forma er like

god nynorsk som den andre.

4. Kløyvd infinitiv. Kløyvd infinitiv er god skriftradisjon. Både i Trønderlag, Nordmøre og på Austlandet er kløyvd infinitiv i samsvar med talemålet og god skriftnorsk. Å fjerne kløyvd infinitiv frå rettskrivinga, vil såleis fjerne nynorsken frå mange i store delar av landet.

Trondheim 23. februar 2011

For Trønderlaget
Gunnvald Bøe

For Naumdøla Mållag
Inge Staldvik

Nordmøre Mållag
Nils Bjørsvik

Nynorsklaget
Liv Ingebrigtsen